

ÅRSPLAN Vg1 HO – forslag 2 v/Berit Kvalvik, Nordahl Grieg VGS, Vestland fylkeskommune

Årsplanen – som gjeld for alle 3 programfaga + Yrkesfagleg fordjupning – fungerer best å laga i Google dokument, som linkast opp i fag som ITS, delast med kollegaer som arbeidar aktivt saman med dokumentet i starten av skuleåret og endrar det ved behov. Dette er slik me arbeidar på vår skule, dvs. på vår avdeling.

Årsplanen kan delast inn i 4 periodar der dei ulike kompetansemåla vert plassert inn slik at dei utfyller kvarandre. Dvs. at ein ikkje arbeidar med kompetansemål i ei fastlagd rekkefølge, men bestemmer sjølv som faglærar kva rekkefylje kompetansemåla skal arbeidast med. På dette viset har ein eit overordna tverrfagleg mål å arbeida mot. At årsplanen er delt opp i 4 periodar, gir høve til fordjuping i kompetansemål og tverrfagleg samarbeid i programfaga. Arbeid med kompetansemål, litt avhengig av kva kompetansemål, krev læring i djupna. Det vil innebera god tid på mange av kompetansemåla og at ein arbeidar tverrfagleg.

Tidsrom:	Tema:	Kompetansemål, mål for opplæringa er at eleven skal kunne:			
		Helsefremjande arbeid	Kommunikasjon og samhandling	Yrkesliv	YFF
Aug. – okt.	<i>Mennesket i sentrum, ditt yrkesval</i>	H3 planleggje, gjennomføre og vurdere aktivitetar som bidreg til meistring, utvikling og god helse H4 setje saman og lage enkle måltid og vurdere energi- og næringsinnhaldet i tråd med kostråda frå helsestyresmaktene. H9 bruke riktige arbeidsteknikkar og gode arbeidsstillingar og gjere greie for samanhengen mellom ergonomi og helse	K1 kommunisere og samhandle med menneske frå ulike kulturar, i ulike aldrar og livssituasjonar K8 bruke observasjons- og kommunikasjonsferdigheitar i eige arbeid	Y1 gjere greie for korleis helse- og oppvekstsektoren er organiserte, og reflektere over eige yrkesval Y3 beskrive kva krav og forventningar som blir stilt til ein profesjonell yrkesutøvar, og reflektere over eigen praksis	YFF: innføring i ulike yrkesfag innan HO, krav i arbeidslivet til praksiselevar, teieplikt og etikk, aktuelle læreplanar VG3
Okt. – jan.	<i>Folkehelse</i>	H2 vurdere kva som fremjar psykisk og fysisk helse, og korleis ein kan førebyggje livsstilsjukdommar og hindre smitte H4 setje saman og lage enkle måltid og vurdere energi- og næringsinnhald i tråd med kostråda frå helsestyresmaktene H7 drøfte og gi døme på kva den enkelte og samfunnet kan gjere for å betre si eiga helse og folkehelsa	K3 vise omsorg og yte service som fremjar trivsel og meistring K4 gjere greie for kva sosial og kulturell kompetanse er, og gi døme på korleis haldningar, verdiar og menneskesyn påverkar yrkesutøvinga	Y2 vise korleis brukarmedverknad kan gjennomførast i helse- og oppvekstsektoren Y5 vurdere korleis hjelpemidlar, velferds- og annan teknologi kan brukast i yrkesutøvinga Y10 planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid	YFF: praksis og arbeidskrav

Jan. – mars	<i>Velferdsstaten i endring</i>	<p>H3 planleggje, gjennomføre og vurdere aktivitetar som bidreg til meistring, utvikling og god helse</p> <p>H4 setje saman og lage enkle måltid og vurdere energi- og næringsinnhaldet i tråd med kostråda frå helsestyresmaktene.</p> <p>H9 bruke riktige arbeidsteknikkar og gode arbeidsstillingar og gjere greie for samanhengen mellom ergonomi og helse</p>	<p>K6 bruke digitale ressursar i kommunikasjon og samhandling</p> <p>K7 reflektere over kva digital dømmekraft inneber, vurdere kjelder kritisk og vise nettvett i arbeidet</p>	<p>Y6 drøfte korleis endringar i samfunnet kan påverke yrkesutøvinga og peike på mogelegheiter og utfordringar desse kan gje</p> <p>Y7 forklare og gi døme på kva etiske dilemma i yrkesutøvinga er og korleis dilemma kan handterast</p> <p>Y4 gjere greie for gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit</p>	YFF: praksis og arbeidskrav
April - juni	<i>Samarbeid og arbeidsliv</i>	<p>H6 utføre grunnleggjande førstehjelp</p> <p>H8 gjere greie for korleis forbruk og aktivitetar påverkar miljøet, og reflektere over korleis ein kan ta miljømedvitne val i yrkesutøvinga</p> <p>H4 setje saman og lage enkle måltid og vurdere energi- og næringsinnhaldet i tråd med kostråda frå helsestyresmaktene</p>	<p>K2 vise relasjonsferdigheiter og reflektere over eiga åtferd</p> <p>K5 drøfte korleis usemje kan handterast, og prøve ut ulike modellar for konflikthandtering</p>	<p>Y8 gjere greie for kvifor det er viktig med tverrfagleg samarbeid, og gi døme på yrkesgrupper som er med i eit slikt samarbeid</p> <p>Y9 gjere greie for sentralt regelverk som regulerer arbeidet i helse- og oppvekstsektoren, og allmenne spelereglar som gjeld i arbeidslivet</p> <p>Y11 gjere greie for og vurdere korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre samarbeid</p>	YFF: arbeidskrav og elevens læreplan